

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

### Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek følgjande instruks for den lokale klagenemnda for Fagskolen i Hordaland:

Styret for Fagskolen i Hordaland, styret for Høgskulen på Vestlandet (godkjent av rektor ved HVL) og styret for Kunsts skolen i Bergen (heretter omtala som fagskulane) vedtek instruks for felles lokal klagenemnd. Fagskulane opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personlege vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnda innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6-10, og om teieplikt i §§ 13-13 e, og dessutan forskrift for Fagskolen i Hordaland, forskrift for Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og forskrift om opptak, studier og eksamen for Kunsts skolen i Bergen.

Den lokale klagenemnda skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak, avslag på søknad om fritak og godskriving, formelle feil ved eksamen mm.). Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak, er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnda kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styra etter §§ 23-27 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

Forvaltningslova kapittel III - VI og VIII gjeld for avgjerder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestenging, skikkavurdering, innpassering og fritak.

I saker der ein av fagskulane er underinstans, skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg opplyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.